

# Skal evaluera EU-program

## Dag Jørund Lønning blir ekspertevaluator.

Rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB), Dag Jørund Lønning, er invitert til EU-hovedkvarteret i Brussel i sommar som såkalla ekspertevaluator på EU-programmet Erasmus for Unge Entreprenørar.

Europakommisjonen, representert ved kommissæren for næringsliv og industri (DG Enterprise and Industry), står bak invitasjonen.

Dag Jørund Lønning er

plukka ut frå ein stor internasjonal database av renommerte forskarar som jobbar med nyskaping, utvikling og innovasjon. Saman med andre internasjonale ekspertar skal Lønning identifisera dei beste søknadene til programmet Erasmus for (EYE) og såleis plukka ut dei heldige unge forretningsutviklarane som får tilbringa inntil seks månader som trainees i ei nyskapande bedrift i eit anna europeisk land. EYE er eit av dei viktigaste næringsutviklingsprogramma innanfor EU-systemet.

Lønning har takka ja til sommaroppdraget, og dreg til Brussel i siste del av juni. Han er tilbake ved HLB etter ferien.

Lønning gler seg, og ser oppdraget som ei stor og spennande utfordring:

– For det første er det sjølvsagt svært kjekt og spennande å bli plukka ut til dette. Dernest er eg spent på å bli betre kjend med EU sitt næringsutviklingsarbeid. Eg ser fram til å kunna byggja viktige nettverk og relevant kunnskap for det vidare foubearbeidet med nyskaping og regional utvikling her heime.

Noreg er ikkje med i denne delen av det europeiske samarbeidet, men me vil truleg ha mykje å læra av ei satsing der entreprenørar får møtast over tid på tvers av kulturskilnader og landegrenser, seier den utflytta stordabuen.

MAGNE KYDLAND

[magne@sunnhordland.no](mailto:magne@sunnhordland.no)

Dag Jørund Lønning skal evaluera unge entreprenørar i EU.

ARKIVFOTO: HILDE VORMEDAL NYBØ

